

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Nore

Emne: Velsing, faktur og alferd

Bygdelag: hovedkyrkja

Oppskr. av: O. G. Rue

Gard: Svendsrud

(adresse): Kravik

G.nr. 181 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Joran Svendsrud f. 1865 - Ola Svalstuen - Knut Nore
mfl.

SVAR

1. Folk kan uttrykke ja med å nikke med hovudet, og nei med å rista på hovudet, men det blir lite brukt her i bygda.

2. Dei helste på alle folk dei møtte ved kyrkja eller i samkomer, men ikkje på ukjende som dei møtte eller vegane. Det var enkelte som helste på alle dei møtte. Det er solis fortalt at Killib Skari tok til å helsa på alle han møtte på harken. Det er enda skikken å helsa på alle ved kyrkja eller i samkomer.

3. Det har ikkje vore nokon regel for kven som skulle helsa først når ein møtte kjende.

4. Ein tok kvarandre i handa og sa "takk for sist" eller "Gudag". Det var same skikken både for menn, kvinner og born.

5. Dei hadde nok store respekt for presten, men helsa på same måte både på han som på andre andre embetsmenn, slektingar, grannar og framande. Det var ikkje vanlig at dei tok av seg hatten når dei møtte framande. Storbøndar

eller brüksugarar var det ikkje her i bygda, og dei som kom til bygda, bli møtt som andre framande.

6. Det har ikkje, såvidt ein veit, vore noko sers ved det om ein heldt hatten med begge hendene eller heldt tuva under armen.

7. Ein helste på same måten armen ein var kledd i høglids eller kvardagsklede

8. Ein handhelste på alle ved kyrkja og i lag. Ein helsa på alle når ein kom på velyng, jamvel på dei aller minste borna.

9. Det har ikkje vori skikk å klappe folk på oksla for å uttrykke vennskap eller glede.

10. Dei tok av seg hatten når dei høyrde kyrkje-klokkene. Eller dei sa: "I Jesu namn" Dette har serlig vori skikken på dei gardane som ligg så nær at dei høyrde klokkene, men var ikkje kjend av Ola Svalstun f. 1874 som hadde budd i Fygardsgrund. Dei kunne ikkje høyra klokkene dit. Ellers fortel Kari Groven f. 1886. Når dei tok i ein "nyppedd" unge sa dei: "I Jesu namn" og likeså når det lynte.

11. Dei synte vurdnad og samkjensle når dei møtte lekferd eller brurefylgje ved at dei stod ved sida av vegen. Dei tok av seg hatten og slo til fylgje hadde fare forbi.

12. Det har ikkje råka nokon som hugsar at dei har høyrte at dei fór i tida helste på visse ting. Derimot er det flere som har fortalt at dei la ned stin eller kvist på "Varg". På slike stader skal dei ha kvilt med tik som dei

har ført forbi der.

13. Før i tida brukte dei berre „Goddag“ og „Farvel“. Godnatt og gomorn er fra nyare tid, i dei siste 20-30 ara.

14. No har det vorte så vanlig å bruke „gomorn“ at ein høyrer det like alle tider på døgnnet. Det er mange som finn at det er ein uskikk og likar det ikkje, om dei ikkje går så langt som å se at det er usommeleg.

15. Det er ikkje visse svar ved slike høve

16. „Morn“ har vorte vanleg heile døgnnet rundt

17. Enkelte seier at det var dei som brukte å helsa med: „signe arbeidet“, „signlaget“, „signe maten“. Andre seier at dei har ikkje hørt at nokon har brukt det her i bygda.

18. Friis must at eg har hørt ein gamal mann her se: „Gue sign.“

19. Når gjesten kjem inn så helsar han også på dei som er inne. Men han helsar ikkje både ute og inne på same folka.

20. Ville ein tala med husfara alene så ba ein han ut med dei olda: „Far i snakke me de litt“

21. Dei brukte aldri å banke på dora. Det er i seinare tid at dei bankar på dora: „Pikke på ~~dor~~ dora“. Dei fleste bankar på dora no, men det fins enkelte som ikkje gjer det.

22. Når dei kom inn, så stod dei ved dora til ein eller annan av

huslyden ba dei finne seg ein plass.

23. Han skulle verte ståande ved døra til dei sa: "Du må finne ein sess", eller "du må sjå du får sjå".

24. Dei tok av hatten eller huva så snart dei kom inn.

25. Du må frampå og finne deg ein sess. "Sjå du får sjå".

26. Det vart ikkje gjort skilnad på kven det var dei flest stader, men det kunne vera unntak.

27. "Og kjenner kji den mannen. (g) må spørja kære du a' i'ra."

28. Det kunne råde at dei var forsiktigare når framande kom til gårds enn om det var kjenningar, men det var vel ikkje vanlig at dei gjekk og turka av stolen.

29. I ombedne var helsa med: "Valkumin."

30. Når folk reiste så sa dei "farvel" eller "de må löva so vel."

31. Har ikkje høyrte om nokon særskild helsing anten det var for ei lang reise eller for siste gong.

32. Det var ikkje skikk å kysse kvarandre til farvel.

33. Trur ikkje det vart brukt av nokon, korkje menn, kvinner eller born.

34. Har ikkje høyrte andre uttrykk.

35. Dei brukte ikkje å kysse på handa.

36. Det kan eller delle, ^{ikkje} vera brukt i det heile tatt.

37. Det er ingen av dei eg har tala med, som har høyrte nokon har kyst si eige hand for å vise glede.

38. No røkar dei å si til småbarn at dei må få ein „russe“ eller „suss“ men veit ikkje om det er vanlig over alt her.

39. Ja, dei voksne brukte å gripe nasen sin mot nasen til småbarna, og dette kalla dei å byte nase.

40. Det var helst vanlig med begge foreldra, men mindre med andre voksne.

41. Dei voksne brukte å stele nasen til barnet ved å ta nasen mellom pekefinger og langfingeren og så sette tommelfingeren fram mellom fingrene. „No lek i nasa di.“

42. Ja, dei brukte å legge kjake mot kjake. „Før i' kjakje“, sa dei.

43. Har ikkje høyrte dette brukt mellom andre enn foreldre og barna, og kanskje av og til mellom voksne og barn men ikkje mellom voksne.

44. Har ikkje høyrte om nokon sers regel for bruk av „lib lukke“, og heller ikkje at dei har hatt andre uttrykk for det.

45. Såvidt eg har funne ut så har det ikkje vore nokon serlig helsing såvidt folk hugsar korkje lib jol, nyår, eller andre slike dagar. Dei sa „god jol“, „godt nyår“, „god paske“, men nokon serlig umframt helsing har eg ikkje høyrte om.

46. Vid dødsfall eller motgang vart det ikkje sagt så mykje.

6

47. Når ein reiste frå eit lag så sa dei „takk for laget“. I dag seier dei ofte „takk for samværet“

48. Dei brukte ikkje takke for seg på vegne av dei avlidne

49. Lar ikkje høyrte nok om dette.

50. Dei sa vel helst *De* til lensmann og prest, men elles var nok *du* den formen som blir brukt.

51. Ein seier ikkje *han* eller *ho* istaden for „*Du* eller „*De*“